

KYRKJEBLAD

B



FULLDISTRIBUSJON

RETURADRESSE:

Vullum Design as
Pb. 122, 6659 Rindal



Juni 2008

«Kristus Jesus har gjort ende på døden og ført udødeleg liv fram i lyset ved evangeliet» 2.Tim 1,10

Nr. 3 - 68. årgang

EI ROSE

*Eg har noko edelt i fanget
det duftar og skin og blør
ein liten juvel ei rose
som skjelv bak mi hjartedør.*

*Mi rose din blygsel er lengten
som løyner ein gudgitt veg
eg kysser eit ekte kronblad
ein skatt som når inn til meg.*

*Her samlar eg heile ditt smykke
ein knopp som av farga eld
du lever og vev min kjole
av harper ein sommarkveld*

*Å kjære mi rose min hugnad
min djuve sommarnattsdraum
du ber meg på livets vengjer
og varmar ein nådestraum.*

*God natt vesle perle no søv vi
du legg att ein blank krystall
ein liten drope ei tåre
som skin inni fossefall.*

*Eldrid Lausund
Tingvoll*

Foto: SB.



Foto: ERE.

Kyrkjetenar

Dei mokar og freser snø og tinar is om vinteren, dei slår gras og steller på kyrkjegardane om sommaren. Dei er der og ordnar alt i stand når vi har gudsteneste. Dei opnar dører og ringer med klokkene. Dei grev graver og ordnar ferdig til gravfylgjet kjem og er usynlege til alle har gått. Da kjem dei fram og grev att grava og legg blomstene pent på.

Om sommaren er det ei ekstra travel tid for dei, da skal graset bli slått på alle kyrkjegardar. Det skal ryddast og ordnast og plantast.

Det er 12 tilsette kyrkjetenarar i prostiet vårt, somme på heiltid og andre på deltid. Dei fleste av dei er også kyrkjegardsarbeidarar. Men dei fleste stader leiger dei gravarar i tillegg. Berre i eit prestegjeld er kyrkjetenaren også gravar.

Dei møter mykje sorg i det stille. Dei fleste er usynleg til stades ved gravferda, også i kyrkja. Men dei er der, og dei møter sørgjande som kjem på kyrkjegarden for å stella sine graver og minnast sine døde.

Dei møter også det vakre, gode, omsorgsfulle på ein kyrkjegard, ved ei grav. Blomster som gror, menneske som tek vare på kvarandre, born som kjem for å sjå grava til bestemor og bestefar, ei søster eller ein bror. Livet som lever vidare.



ØRE
Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00
Telefaks 71 29 38 28
E-post sokneprest: petter.dahle@
gjemnes.kommune.no
Biletet: Øre kyrkje

Restaurering av Osmarka kapell

Bedehuset kallar dei det på Osmarka. Og det er det. Men det er også eit kapell, vigsla til kyrkjeleg bruk for snart 100 år sidan. No er det sett i gang ei omfattande restaurering innvendig, og huset har ikkje vore i bruk sidan jul.

Det var ei mykje mindre opp-pussing som frå først var tenkt. Men etter inspirasjon – og påtrykk? – frå fylkeskonservatoren – er det no storarbeid i gang for å føre huset tilbake til det opprinnelege preget det hadde frå først av. Osmarkingane er ikkje skvetne, så dei har sett i gang med mykje dugnad og ein del innleigd hjelp. Vi er spent på korleis huset vil ta seg ut etter dette arbeidet. Og vi gler oss til å kunne ta huset i bruk att til gudstenester og andre kyrkjelege handlingar.



Odd Norvald Heggem og Thor Solhjell i arbeid med å plukke fram att gamle lamper som hang i rommet tidlegare. Etter stor innsats er planen å kunne få dei i funksjon att. Foto: Edvin Eriksen

Nils Kristen Hegge viser korleis den ståande kledningen har klart seg etter å ha vore innkledd i mange år. Foto: Edvin Eriksen.



Høgtun-gudsteneste i Øre kyrkje

20. april i år deltok Høgtun folkehøgskole med ulike innslag under gudstenesta. Dei stilte med tekstlesarar og kor, likeeins med band og forsongargruppe som leia ein del av songane. Rektor Edgar Fredriksen heldt tale saman med ein av elevane – Newton frå Kenya. I denne gudstenesta hadde også det nystarta koret Gjemnes Young Gospel Singers sin debut i gudstenestesamanheng.

Newton frå Kenya og rektor Edgar Fredriksen under preika i Øre kyrkje. Foto: Gunnar Sødal.

Jubileumskonsert for Gjemneskoret 27. april

Gjemneskoret har røter tilbake til Skeidsdalen songlag. Men som "Gjemneskoret" fyller dei 20 år i år. Vi gratulerer med jubileet og takkar for at dei la jubileumskonserten sin til Øre kyrkje! Koret er jamnt med i kyrkja både ved konsertar og gudstenester i jula og elles, og vi ønskjer dei lukke til med songen vidare og seier velkomne tilbake til kyrkjene!

Friluftsgudstenestene

I år legg vi også opp til gudstenester ute i det fri. Naturen kan ofte gje oss ei mektig – og uventa? - ramme om gudstenestene. Det er meir enn natur vi snakkar om – det er Guds skaparverk. Dette kan vi leve i og hauste av, og dette er vi sett til å forvalte.

Merk gudstenestene i år. Etter 1. juni då vi samlast på Ikorneset, er no dei neste ute-gudstenestene 3. august på Svanavollen og 24. august på Åndalssetra. For å komme til Svanavollen køyrer ein inn til Hoem og vidare bomveg til Kinna. Her er det nokre hundre meter å gå frå bilveg. På Åndalssetra – evt. ved Botnavatnet - prøver vi å ordne det slik at det berre er kort veg frå bilveg til gudstenesteplass. Vel møtt til desse samlingane!



Gjemnes og Øre kyrkjelydar var representert under trusoppplærings-presentasjonen i Molde i april. Saman med soknepresten ser vi Trond Gravem, Christopher Magnus Weyde og Siri Garnaas. Her er standen deira besøkt av leiaren for Trusoppplæringa i Norge: Paul Erik Wirgenes. Foto: Møre bispedøme.



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 03 03
Telefaks 71 53 12 40
E-post: post@kirken.tingvoll.no
Biletet: Straumsnes kyrkje

Ein folkekyrkjeprest flytter

Når Mari-Ann og Kåre Rånes no flytter frå Tingvoll til Fredrikstad, er det ikkje på grunn av vantrivsel i Tingvoll. Dei har trivdest veldig godt og det er ikkje lett å bryta opp etter 22 års teneste. Det er knyta mange band til enkeltmenneske og til den flotte naturen. Men Mari-Ann har fått ny jobb som ergoterapeut i Glemmen og Kåre blir sokneprest i Gressvik menighet i Fredrikstad frå 1. sept. Dei har tre born som no er vaksne og som også bor sørafor. Da familien flytta til Tingvoll, var det mykje på grunn av miljøet for borna, og det har vore ei fin tid med mange utfordringar, seier Kåre Rånes. Han har praktisert som kapellan, sokneprest og fungerande prost, og har stor erfaring i ei lang teneste.

«Eg har eit ideal om at ein prest godt kan vera lenge på same stad,» seier han. «Det eg har sett mest pris på i Tingvoll, er allsidigheiten i prestetenesta. Og eg vel å prioritera det eg kallar folkekyrkjestrutturen, dei folkekyrkjelege delene av prestetenesta, dåp, nattverd, konfirmasjon, gravferd. Det er viktige handlingar, og eg førebur meg like mykje til ei gravferd som ei gudsteneste. Da eg kom hit, var det også ei flott oppleving å koma til eit aktivt kyrkjemusikalsk miljø og bli ein del av det som songar.»

Både Kåre, Mari-Ann og borna har vore med i korarbeidet i prestegjeldet.

Kåre poengterer at det kyrkjemusikalske og det liturgisk musikalske er ein viktig del av livet hans, noko han har fått utvikla i Tingvoll i samarbeid med kantor Tor Strand. Alt som tenåring var han fascinert av kyrkjens liturgi. Og Kåre er spent på den store gudstenestereformen. Han har sjølv tatt initiativ til eit forsøk med utvikling av dåpsliturgien, eit prøveprosjekt, som ein del av trusopplæ-

ringsreformen. Det har vore eit spennande samarbeid i styringsgruppa.

«Prosjektet går ut på: Å synleggjera innhaldet i dåpen, nemleg at eit barn blir ein del av menigheten. Å tydeleggjera menighetens ansvar for dei døypte, sammen med foreldre og fadrar. Å få fram at dåpen er starten på ein livslang prosess,» seier ein ivrig folkekyrkjeprest. «Å vera kristen er å stadig bli mint på at ein er døypt. Dåpen formar livet ditt. Vi får lov å kalla oss kristne, formast og bli lik Kristus, dø og oppstå sammen med Kristus. Vi må stadig grunna på kva det er å vera eit døypt menneske.»

Reint praktisk gir dei fadrane fleire oppgaver i gudstenesta, som å bera barnet fram til alteret og knela med det for velsigning, og å knyta dåpen nærare til nattverden.

Han seier at landsbygdas folkekyrkjelege liv er betydningsfullt og noko han kan og vil bidra med å verkeleggjera også i ein bymenighet.

Ein del av hans verksemd har vore knyta til «Skrifthuset A/S», eit forlag han var med på å starta og er medeigar i, der han også har vore med og produsert materiell for dåpsopplæring og konfirmasjon m.m., brukt i heile landet.

Ein del har nok undrast på om han flytter fordi han føler seg forbigått ved prosteutnemninga.

«Mange trur det, men det er ikkje slik. Eg har søkt mange stillingar tidlegare fordi eg ynskte nye utfordringar. Og eg drar ikkje fordi eg er lei meg, føler meg fornærma eller forbigått,» seier Kåre Rånes, som no ynskjer å bruka sine kreative, liturgiske og musikalske evner på ein ny tenesteplass.

Einy Rendal Elgsæther



Under konfirmasjons-gudstenestene søndag 25. mai mottok sokneprest Kåre Rånes blomster frå sitt siste konfirmantkull i Tingvoll. Her er han saman med organist Tor Strand og fire konfirmantar, frå venstre Jan Bergem, Thea Kinn, Maylen Karlsen og Kjetil Bergem. Foto: Roger Skjægstad

Sommerkonserter i Tingvoll kyrkje Lørdag kl. 17

21. juni: Olav H.Hauge og Geirr Tveitt
Oddvar Hjelde, fløyte
Lars Moland, gitar
Ingunn Stokstad, blokkfløyte
Erling Wollestad, opplesing
Tor Strand, orgel
28. juni: Gail Opaas, sopran
Tor Strand, orgel
5. juli: Siri Waagen Evensen, sopran
Julie Rokseth, harpe
Wenche Waagen, piano
Tor Strand, orgel
12. juli: Unni Boksasp, kveding
Jorunn Marie Kvernberg, fele
19. juli: Harald Fredrik Ulltveit Moe, baryton
Chris Clifton, orgel og piano
26. juli: Åsskard kyrkjekor
Dir. Bernt Bøe
Tor Strand, orgel
2. aug.: Knut Ariel, sang og gitar
Tiina Ulén, nyckelharpa
9. aug.: Ann Helen Moen, sopran
Tor Strand, orgel og piano
16. aug.: John Pål Inderberg, saxofon
Tor Strand, orgel og piano
23. aug.: "Listen"
Bendik Giske, saxofoner
Espen Berg, piano
Daniel Herskedal, tuba



Foto: M I Mørk.

Åkerfallsstemne 20. juli kl 15.00

har vore arrangert i snart 60 år ved NMS. I år er det Erling Nerheim og Karen Flatø som blir med. Ved dårleg ver blir stemnet inne. Ta med mat.



SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 26 11
 Telefaks 71 69 25 44
 E-post: ekspedisjon@sunndal-kirke.no
 Bildet: Middelaldarkrusifiks, Romfo kyrkje

Prosesjon

4. mai vart to gutar frå Ålvundfjord konfirmerte i Ålvundeid kyrkje. Dei vart førte inn av tre born som leia prosesjonen ved å bere kross og lys. Prosesjonskrossen og dei to lyshaldarane er nytt utstyr i Ålvundeidkyrkja. Kva er no desse prosesjonane, og kva skal dei tene til? Ordet kjem av det latinske *processio* som handlar om å gå eller rykkje fram. Det første leddet i gudstenesta

heiter "inngang". På eit vis kan vi seie at gudstenesta byrjar når vi dreg heimanfrå søndagsmorgonen. Det finst historier om korleis kyrkjegangen, eller kyrkjereisa var noko spesielt. Det var høgtid når ein gjorde seg i stand, grytidleg dersom vegen var lang. Dei som budde ved sjøen hadde gjerne "kyrkjebåt". Andre hadde kanskje spesielle skyssvogner dersom dei brukte hest. Når ein så kom fram til kyrkjestaden, var det enno meir høgtid. Så ringde kyrkjeklokkene for siste gong, og ein gjorde seg klar til å gå inn i sjølv kyrkjerommet. Det skjedde med alvor og samtidig inderleg glede.

Når vi steller til ein prosesjon ved byrjinga av gudstenesta, er dei som går i prosesjonen representantar for oss alle. Dei viser oss at det *gå inn i Guds hus* er noko viktig, noko vi gjer med høgtid og respekt og glede. Krossen, eller krusifikset gjer synleg for oss sjølv og andre at det er Jesus vi fylgjer. Det er Han som leier oss inn i Guds hus. Lysa som fylgjer krossen minner oss om at Jesus er lyset for verda. Dei er samtidig teikn på at vi ærar Jesu kross. Bak krossen og lysa kjem sjølv prosesjonen. Den ordnar vi slik at dei minste går fremst! Dette minner oss om den rangordninga som Jesus underviste læresveinane

om når det gjeld Guds rike: Dei minste er dei første. Lengst bak kjem presten eller biskopen, hyrdingen som skal sjå til at alle "sauene" er med i flokken.

Når vi så skal avslutte gudstenesta, blir vi *sende ut*. Gudstenesta er ikkje ferdig når siste ord er sagt i kyrkja, *utgangen* høyrer med til gudstenesta. Prosesjonen leier oss ut medan vi syng eller lyttar til postludiet, utgangsmusikken. Krossen og lysa minner oss om at vi fylgjer Jesus, ikkje berre når vi går inn i kyrkja og liksom "vitjar Guds hus", men like viktig: At Jesus leier oss ut i verda, ut i livet. Difor sømer det seg at også utgangen er verdig, med alvor og ettertanke, glede og forventning: Kva vil Jesus føre meg ut i og inn i gjennom denne veka som no tek til?

Somme stader har ein byrja med at mange vert sitjande under postludiet. Kanskje ein gjerne vil sitje stille og lytte til musikken, eller ein ser det som ein respekt for organisten. Det er fridom i Guds hus, dette må ein sjølv sagt gjere som ein vil med, men dersom ein så – etter postludiet – tek til å snakke om laust og fast medan ein går ut, så har ein mista utgangen, ein har snytt sin eigen kropp for ein viktig del av gudstenesta.

Lat oss gå saman til Guds hus! (Nehemja 6)

Bjørn Hovde



Glimt av konfirmasjonsdagen i Ålvundeid 4 mai: Oda Ansnes med krossen, Petter Meisal Bråten og Bjørn Ivar Ansnes med lys.

Registrerer graver i Sunndal

Det siste året har Unni Ekren, leder i slektsforskningsforeningen DIS i Sunndal, brukt mye tid på å registrere gravene i Sunndal. Fotoapparat og notatblokk er de to viktigste arbeidsredskapene i jobben for å gjøre disse registreringene.

Det er DIS-Norge som legger ut disse bildene på nett, og er et viktig hjelpemiddel for slektsforskere som leter etter røttene sine. Den som kan tenke seg å gjøre en dugnadsinnsats i sin egen kommune, bør ta kontakt med DIS-Norge for å høre om hvilke kirkegårder som er ledige.

- Det er viktig at dette arbeidet blir gjort for etterslekten, forteller Ekren, som selv er en ivrig slektsforsker.

Mange graver blir ikke tatt skikkelig vare på av de nærmeste pårørende, eller de blir ikke festet videre av ulike årsaker, og da er det viktig at de data en gravsten gir, blir tatt vare på for ettertiden.

- Dette er noe som alle kan være med å gjøre. Nå har jeg tatt ansvar for at alle gravene i Sunndal blir registrert, men hittil er det bare på Hov kirkegård jeg har vært. Hvis noen har lyst å ta i et tak, kan de ta kontakt med meg for å avtale nærmere, forteller Unni Ekren, som også legger til at i de fleste tilfeller har kirkevergen kart over kirkegårdene.

Øksendal gamle kirkegård

I Øksendal er det en gammel kirkegård som Unni Ekren ønsker skulle bli bedre ivarettatt. Det er mange eldre graver der, og Ekren ønsker en dugnad for å ta vare på de gamle gravstenene der.

- Vi skal finne ut om vi kan få noe kommunale midler for å gjøre denne jobben. Stenene og korsene trenger vasking og skrubbing og litt stell for at vi skal kunne ta bilder av dem, og vi håper å kunne få dette

til på høstparten, forteller hun.

Gode råd

Unni Ekren anbefaler interesserte i å finne informasjon om temaet på www.dis-norge.no/gravminner.

Ingunn Karijord





Kommentaren

Meir kyrkjedemokrati

I april vart alle partia på Stortinget samde om ei framtidig ordning for Den norske kyrkja. Ein del av kompromisset er at dersom kyrkja vert demokratisk nok, så skal den om nokre år sjølv få peika ut biskopane sine.

Logikken bak dette resonnementet har eg ikkje heilt lett for å finna, men så er no ikkje eg politisk heller. Det er heller ikkje klart korleis ein har tenkt å måla "demokratimengda" i kyrkja. Ein ønskjer å få fleire til å røysta ved soknerådval, men ein kan ikkje godt tvinga dei til å gjera det. Når er då kyrkja demokratisk nok?

Like etter pinse la eit utval som Trond Bakkevig har vore leiar for fram ei utgreiing om demokratiske reformer, som dei meiner bør gjennomførast. Eit av framlegga er å ha soknerådval samstundes med kommune- eller stortingsvala. Då Bakkevig i 2002 la fram innstillinga *Samme kirke - ny ordning*, var han sterkt imot dette. Men både kyrkjetoppar og OL-toppar må vel få lov til å byta meining ...?

Eg er på ingen måte motstandar av større demokrati i kyrkja. Likevel kan det vera greitt å trekkja ei grense mellom det som kan, og det som ikkje kan avgjerast gjennom demokratiske prosessar. For **læra** vert ikkje fastlagd av eit sokneråd eller eit kyrkjemøte. Den kjem vi fram til ved at vi stadig på ny granskar Bibelen og vedkjenningskristene. At Gud skapte verda, eller at Jesus sto opp frå dei døde kan ikkje skiftande fleirtal endra på. Derimot står det ingenting i Bibelen om

kven som bør tilsetjast i ei ledig stilling, eller korleis vi skal få sving på ungdomsarbeidet. Slike spørsmål kan gjerne valde organ ta seg av, og det er fint viss sokneråd og andre slike organ er valde gjennom opne prosessar, som mange tek del i. Men det går ikkje ei knivskarp grense mellom lærespørsmål og meir praktiske spørsmål, dei grip ofte inn i kvarandre. Dette er noko av bakgrunnen for at prestar og biskopar er med i dei kyrkjelege rådsorgana.

Mange, særleg humanetikarar og andre som ikkje er kyrkjemedlemmer, vil nok markera motstand mot forslaget om soknerådval samstundes med dei offentlege vala. Det er tenkt at slike trussamfunn skal kunna gjennomføra sine val på den same måten, men mange av dei vil nok sjå på dette som upraktisk og lite aktuelt.

Eg forstår godt dei prinsipielle innvendingane mot å velja Soknerådet samstundes med at vi veljer Kommunestyret eller Stortinget. Når vi fleire gonger har prøvd dette i Rindal og Surnadal, så er røynslene likevel så gode at eg er villig til å leggja desse innvendingane til sides. Det soknerådet vi no har i Rindal har omlag 30 % av dei røysteførere kyrkjemedlemmene bak seg, medan tidlegare sokneråd berre har hatt 2-3 %. Eit slikt tillitsvotum er ein god styrke i Soknerådet sitt arbeid. Eg skulle ønskja det var annleis, men eg trur diverre ikkje det er råd å oppnå ei like stor valdeltaking på nokon annan måte enn ved å ha val samstundes med dei offentlege vala.

Eit anna forslag frå Bakkevig-utvalet er at dei lokale kyrkjevala ikkje berre skal omfatta Soknerådet, men òg medlemmer til Bispedømerådet, og dermed til Kyrkjemøtet. Det einskilde kyrkjemedlemmet skal altså ha innverknad på heile kyrkjeleiinga - frå lokalplanet og heilt til topps. Dette meiner eg prinsipielt sett er heilt greitt, men eg trur ikkje det er så lett å få det til i praksis. I dag er det sokneråda som veljer dei medlemmene i Bispedømerådet som ikkje er kyrkjeleg tilsette. Når dei som sit i sokneråda har svært vanskeleg for å klarleggja kva dei som stiller til val står for, så vert det iallfall vanskeleg for mange av dei som røystar ved soknerådsvalet.

Det som iallfall er klart, og som Bakkevig-utvalet òg er heilt tydeleg på, er at dersom denne typen reformer skal lukkast, så trengst det pengar. Valkort og anna materiell må sendast ut, dei som sit i vallokala skal ha godt gjort tapt arbeidsforteneste osv. Kring 100 millionar har utvalet rekna ut at dette kostar. Ei slik løyving må på plass, for det vert meiningslaust å betala for ei demokratireform ved å skjera ned på den kyrkjelege verksemda vi driv i dag - der er ressursane knappe nok som dei er.

Altfor mange kyrkjemedlemmer er passive, og lite opptekne av alt det spanande og spennende som hender i kyrkjelydar i bygd og by. Mange fortel at då dei vart valde inn i soknerådet, så skapte det ny innsikt og nytt engasjement for kyrkja. Eg helsar demokratiske reformer velkomne, men eg er òg usikker på om det er dette verkemidlet som først og fremst aukar det kyrkjelege engasjementet. Kanskje kan dei 100 millionane heller brukast på opplæring, diakoni og andre tiltak i dei lokale kyrkjelydane. Skal tru om ikkje det sikrar kyrkja si framtid vel så godt som råd og komitear gjer.

Magne Bjørndal

Ny biskop til Møre

I statsråd 15. mai vart Ingeborg Synøve Midttømme (46 år) utnemnd til biskop i Møre bispedøme. Ho vart leiar av Sofienberg menighetsråd 21 år gammel, har seinare hatt mange styreverv, sist leiar av

Presteforeningen frå 2003, er utdanna ved Menighetsfakultetet og har hatt fleire prestestillingar, sist som kapellan i Holmlia frå 1997. Ho er frå Oslo der ho bur no, er gift og har tre born.



Etter kyrkjekvoteringa var Ingeborg Midttømme andre kandidat etter Halvor Nordhaug som hadde fleire første-stemmer enn alle dei andre kandidatane tilsaman. Ingeborg Midttømme har vakse opp i ein kristen konservativ tradisjon, og er i dag rekna som teologisk i sentrum av kyrkjelandskapet.

Foto: www.kirken.no



Neste nummer kjem ca. 18. september. Frist for innsending av stoff er 18. august.

Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

20. juni - fredag

Åsskard kyrkje kl. 22:00 Jonsvake: Kulturinnslag, kaffe og midnattskonsert. Takkoffer til Kyrkjemusikkarbeidet.

Kapellet på Leikvin kl. 20:00 Hovde. Aftensang.

22. juni - 6. s. e. pinse (Aposteldagen)

Preiketekst: Matt 16,13-20

Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med nattverd ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer.

Rindal Ingen gudstjeneste.

Stangvik Inga gudsteneste.

Romfo kyrkje kl. 11:00 Hovde. Nattverd.

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Boye. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Øksendal kyrkje kl. 13:00 Gudstjeneste med dåp. Boye. Takkoffer. (Merk tida!)

Ranes kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til

Misjonsprosjektet, Beghi.

Tingvoll Inga gudsteneste.

Øre kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Gerd Aarset. Takkoffer til IKO.

27. juni - fredag

Kapellet på Leikvin kl. 20:00 Boye. Aftensang.

29. juni - 7. s. e. pinse

Preiketekst: 1 Tess 4,2-9

Halsa prestegjeld Ingen gudstjeneste.

Rindal kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Bjørndal. Avskjedsgudstjeneste for Arne Martin Aandstad. Lene Steinshamn, 4 pepperkorn og ungdomskoret deltar. Takkoffer til Salt & pepper og ungdomskoret. Kirkekaffe.

Stangvik Inga gudsteneste.

Hov kirke kl. 11:00 Boye. Nattverd.

Mo kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Kristin Strand. Takkoffer.

Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Kåre Rånes. Nattverd. Takkoffer til Straumsnes sokneråd. Kyrkjekaffe. Samtale om dåpsliturgi og myldregudstenester.

Tingvoll kyrkje kl. 16:00 Kåre Rånes. Nattverd. Takkoffer til Sjømannskirken /Norsk kirke i utlandet.

Gjemnes kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Kirkens SOS.

4. juli - fredag

Kapellet på Leikvin kl. 20:00 Boye. Nattverd. Aftensang.

6. juli - 8. s. e. pinse

Preiketekst: Matt 10,28-31

Halsa kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med nattverd ved prestevikar Kristin Strand. Takkoffer.

Rindal bygdemuseum kl. 11:00 Friluftsgudstjeneste. Bjørndal. Takkoffer til Rindal bygdemuseum. Salg av rømmegrøt.

Rindal kirke kl. 20:00 Konsert.

Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Venås. Takkoffer.

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Boye. Nattverd.

Surnadal Inga gudsteneste.

Tingvoll Inga gudsteneste.

Øre kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Torleiv Reitan. Orientering om - og takkoffer til Norsk Gideon.

11. juli - fredag

Kapellet på Leikvin kl. 20:00 Storset. Aftensang.

13. juli - 9. s. e. pinse

Preiketekst: Matt 7,21-29

Valsøyfjord kirke kl. 19:00

Rindal

Åsskard kyrkje kl. 11:00

Hov kirke kl. 11:00

Øye kyrkje kl. 11:00

Tingvoll kyrkje kl. 11:00

Heradsdalen kl. 14:00

Øre

18. juli - fredag

Kapellet på Leikvin kl. 20:00 Storset. Aftensang.

20. juli - 10. s. e. pinse

Preiketekst: Luk 12,42-48

Halsa prestegjeld

Øvre Rindal kapell kl. 11:00

Stangvik kyrkje kl. 11:00

Gjører kapell kl. 11:00

Surnadal

Straumsnes kyrkje kl. 11:00

Gjemnes kirke kl. 11:00

25. juli - fredag

Kapellet på Leikvin kl. 20:00 Hovde. Aftensang.

27. juli - 11. s. e. pinse

Preiketekst: Joh 6,66-69

Halsa kirke kl. 11:00

Rindal kirke kl. 19:30

Stangvik

Hov kirke kl. 10:00

Innerdalshytta kl. 12:00

Ranes kyrkje kl. 11:00

Tingvoll kyrkje kl. 11:00

Øre kyrkje kl. 11:00

1. august - fredag

Kapellet på Leikvin kl. 20:00 Hovde. Aftensang.

2. august - laurdag

Stangvik kyrkje kl. 16:00

3. august - 12. s. e. pinse

Preiketekst: Matt 21,28-31

Valsøyfjord kirke kl. 11:00

Rindal

Todalen kyrkje kl. 11:00

Jønstad kl. 12:00

Øye kyrkje kl. 19:30

Straumsnes kyrkje kl. 11:00

Svanavollen kl. 12:00

8. august - fredag

Kapellet på Leikvin kl. 20:00 Hovde. Aftensang.

10. august - 13. s. e. pinse

Preiketekst: Sal 40,2-6

Halsa prestegjeld:

Øvre Rindal kapell kl. 11:00

Stangvik

Hov kirke kl. 11:00

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00

Røstasetra kl. 12:00

Tingvoll kyrkje kl. 11:00

Gjemnes kyrkje kl. 11:00

Gudstjeneste ved prestevikar Kristin Strand. Takkoffer.

Ingen gudstjeneste.

Gudsteneste. Venås. Takkoffer.

Storset. Takkoffer.

Gudsteneste. Kristin Strand. Takkoffer til Møre i Misjon.

Gerd Aarset. Nattverd. Takkoffer til Evangeliesenteret.

Inga gudsteneste.

Storset. Aftensang.

Ingen gudstjeneste.

Høymesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til Rindal

Sanitetsforening.

Gudsteneste. Blomstrøm. Takkoffer.

Storset. Nattverd.

Inga gudsteneste.

Gerd Aarset. Nattverd. Takkoffer til Norsk lærerakademi.

Gudstjeneste. Torleiv Reitan.

Hovde. Aftensang.

Gudstjeneste med nattverd ved prestevikar Kristin Strand. Takkoffer.

Kveldsmesse. Nattverd. Kristin Strand. Takkoffer til Rådet for psykisk helse.

Inga gudsteneste.

Hovde. Nattverd. (Merk tiden!)

Hovde. Olsokgudsteneste.

Høgmesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

50-års konfirmanntjubileum. Vikar. Takkoffer til arbeidet i Tingvoll sokn.

Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Amatheia.

Hovde. Aftensang.

Konsert. SKRUK.

Gudstjeneste med nattverd ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer.

Ingen gudstjeneste.

Gudsteneste. Kristin Strand. Takkoffer.

Friluftsgudsteneste. Hovde.

Kveldsmesse. Nattverd. Blomstrøm. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

50-års konfirmanntjubileum. Kåre Rånes. Takkoffer til Kyrkjeblad for Indre Nordmøre.

Setergudsteneste. Torleiv Reitan. Salg av rømme graut m.m.

Hovde. Aftensang.

Ingen gudstjeneste.

Høymesse. Nattverd. Kristin Strand. Takkoffer til Kirkens SOS.

Inga gudsteneste.

Hovde. Takkoffer.

Bergslid & Boye. Dåp. Takkoffer til Kyrkjebladet.

Friluftsgudsteneste. Blomstrøm. Takkoffer.

Vikar. Nattverd. Takkoffer til Den Norske Tibetmisjon.

Høymesse. Nattverd. Dahle.

14. august – torsdag

Øye kyrkje kl. 19:30 Konsert.

15. august – fredag

Kapellet på Leikvin kl. 20:00 Hovde. Aftensang.

17. august - 14. s. e. pinse*Preiketekst: Matt 5,43-48*

Halsa kirke kl. 11:00 Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Treff for 50-årskonfirmanter. Takkoffer.

Skarheim kl. 12:00 Familiesamling. Birger Foseide. Takkoffer til Skarheim. Ta med mat, kaffe serveres.

Bøkleppnausta kl. 12:00 Friluftsgudstjeneste. Venås. Takkoffer.

Romfo kyrkje kl. 11:00 Storset. Takkoffer til Søndagsskolekretsen.

Ranes kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Einy Elgsæther. Takkoffer til Maritastiftelsen.

Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Kåre Rånes. Nattverd. Takkoffer til Strømmestiftelsen.

Øre kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Institutt for Sjelesorg. Kyrkjekaffi.

22. august – fredag

Kapellet på Leikvin kl. 20:00 Hovde. Aftensang.

24. august - 15. s. e. pinse*Preiketekst: Joh 5,1-15*

Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Presentasjon av årets konfirmanter. Treff for 50-årskonfirmanter. Takkoffer

Rindal kirke kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Stangvik kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Venås. Takkoffer.

Hov kirke kl. 11:00 Storset. Nattverd.

Øksendal kyrkje kl. 11:00 Boye.

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Hovde. Takkoffer til Bistandsprosjekt Aserbajdsjan. Framstilling av konfirmanter.

